

Vedtatt i kommunestyret 14.11.2019:

Reglement for partssamansett utval og forhandlingsutval

1. Heimel

Partssamansett utval er oppretta med heimel i kommunelova § 5-11.

2. Funksjon

Partssamansett utval er kommunen sitt utval for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette på eit overordna nivå.

3. Mynde og oppgåver

(1) Partssamansett utval har følgande mynde og oppgåver:

- a) Handsaming av laupande saker som vedkjem forholdet mellom kommunen som arbeidsgivar og arbeidstakarane, der rådmannen ikkje har delegert mynde.
- b) Innstillande mynde til formannskap og bystyre i saker innan eige ansvarsområde, medrekna
 - overordna arbeidsgivarstrategi,
 - overordna retningsliner for kommunens personalpolitikk, medrekna tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv
 - overordna organisasjonsstruktur,
 - etiske retningsliner og korrupsjonsførebyggande tiltak,
 - saker om kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer
- c) Tolking av overordna personalpolitiske reglement og retningsliner vedtatt av bystyret.

(2) Administrasjonsutvalet kan delegere mynde til rådmannen.

4. Arbeidsutval/forhandlingsutval

(1) Dei 5 folkevalde arbeidsgivarrepresentantane i partssamansett utval utgjer eit eige arbeidsutval for strategisaker på arbeidsgivarsida. Arbeidsutvalet nemnast forhandlingsutvalet.

(2) Forhandlingsutvalet har følgande mynde:

- a) Fastsetting av økonomisk ramme for lokale lønsforhandlingar for dei stillingsgruppene som etter Hovudtariffavtalen føresegner får all si løn regulert lokalt i kommunen.
- b) Medlemsdialog med KS om tariff- og arbeidsgivarspørsmål.
- c) Fastsetting av løn for rådmann ved tiltreding, og årleg lønsvurdering av rådmannen.

5. Val og samansetting

(1) Partssamansett utval har 8 medlemmar – 5 representantar frå arbeidsgivarsida og 3 representantar frå arbeidstakarsida.

(2) Kommunens representantar i utvalet veljast av kommunestyre sjølv blant medlemmane av formannskapet. Ordføraren skal vere medlem. Utvalet skal ha 7 vara for arbeidsgivarrepresentantane, valt i rekkefølge. Valet gjeld for den kommunale valperioden. Elles gjeld reglane om val til kommunale organ i tråd med vedteke reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune.

(3) Dei tilsette sine representantar veljast av og blant dei tilsette for to år om gongen, i tråd med reglane i Hovudavtalen for KS-området. Dei tilsette sine representantar skal ha 2 personlege vara representantar.

(4) Kommunestyret vel sjølv leiar og nestleiar blant kommunens representantar.

6. Sakshandsamingsreglar

(1) Sakshandsamingsreglane skal vere i tråd med vedteke reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune.